



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/597 - 19/8569

Saksbehandlar:
Rolf Raknes
rolf.raknes@radoy.kommune.no

Dato:
27.05.2019

Plansak PlanID 12602019000200 - Mindre planendring - Veg Marås-Soltveit - kunngjering endeleg vedtak

I medhald av plan- og bygningslova (PBL) §12-14 er framlegg til mindre planendring i reguleringsplan for veg Marås-Soltveit, planid. 126020198000200 handsama i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk den 10.04.19, sak 026/2019, med slikt vedtak:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i Radøy kommune godkjenner mindre endring Marås-Soltveit, PlanID 12602019000200 for detaljreguleringsplan RV 565 Marås – Soltveit, PlanID 12602006000800, slik planendringa er beskrive i vedlagt plandokument/brev datert 14.03.2019 Endringa gjeld for plankart 9 og 10 i gjeldande plan.

Om klage og verknad av plan:

Vedtaket kan etter Pbl. §1-9 påklagast til Fylkesmannen av den som er part eller har rettsleg klageinteresse. Klage må vere framsett skriftleg til Radøy kommune seinast innan klagefristen. (3 veker frå kunngjeringsdato)

Reguleringsplanen fastset bruk av området og er bindande for nye tiltak, samt utviding av eksisterande tiltak, jf. PBL §12-4. Eventuelle krav om erstatning eller innløyising i samband med godkjend reguleringsplan må setjast fram innan 3- tre år- etter denne kunngjeringa, jf. Pbl. §§ 15-2 og 15-3.

Med helsing

Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Rolf Raknes
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ellen Marie Hundvebakke
Fylkesmannen i Vestland

Statens Vegevesen
Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER